# NCC avd. Sogn og Fjordane

Stifta 4. mars 1986

**PROTOKOLL 09.01.2014**

Fra styremøte i Norsk Caravan Club avdeling Sogn og Fjordane, Peppes Pizza, Førde, torsdag den 09. januar 2014, kl. 18.00.

**Innkalla:** Arvid Kjøsnes, Leon Tonheim, Ron Erik Sande, Ørjan Storesund, Harald Solheim, Audun Øvrestrand, Erik Kvamme, Frode Holvik, Jan Inge Sætre.

**Frafall:** Alf Erik Vereide

**SAKLISTE:**

**SAK 01/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

**Vedtak:** Innkalling og sakliste godkjend. Arvid Kjøsnes leiar møte og Ron Sande skriv protokoll.

**SAK 02/14 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE 21/11 - 2013.**

Den enkelte styremedlem som var tilstade på møte den 21/11 - 2013, skriv under protokollen.

**Vedtak:** Protokoll frå styremøte 21.11.2014 er godkjend.

**SAK 03/14 ÅRSMELDING 2013**

Årsmelding ligg ved som eiga sak (årsmøtepapira).

**Vedtak:** Etter gjennomgang av Arvid Kjøsnes og noen mindre justeringer utført, godkjennes den for framlegging til årsmøte.

**SAK 04/14 REGNSKAP 2013**

Vart lagt fram på styremøte

**Vedtak:** Regnskap tatt til orientering og legges fram for årsmøte til endelig godkjening.

**SAK 05/14 BUDSJETT 2014**

Sjå årsmøtepapira. Etter orientering av Arvid Kjøsnes blir budsjett tatt til orientering.

**Vedtak:** Budsjettet blir lagt fram for årsmøte til endelig godkjenning.

**SAK 06/14 MEDLEMSUTVIKLING**

NCC avdeling Sogn og Fjordane hadde pr. 31.12.2013, 645 medlemsfamiliar mens det var 657 medlemsfamiliar pr. 13/11 - 2013. Avdelinga har mista 12 medlemsfamiliar sidan førre styremøte og avdelinga hadde 681 medlemsfamiliar pr. 31.12.2012. Dette viser ein total tilbakegang i 2013 på 36 medlemsfamiliar. Avdelinga har fått 66 nye medlemsfamiliar i meldingsåret mens vi fekk 59 nye medlemsfamiliar i 2012.

**Vedtak:** Tatt til orientering

## 07/14 INNKOMNE SAKER TIL ÅRSMØTE

### 7A) NY NCC-LOGO

I samband med at svara frå gruppearbeida i NCC sin Ledarkonferansen den 26. og 27. oktober 2013 er sendt ut, ber ein om at alle regioner føljer opp det vidare arbeidet i avdelingane. Det bør ende med at alle regionar kjem fram til innstilling på val av logo. Avdelingane kan sjølvsagt komme med eigne forslag til Landsmøtet, sjå vedtektene § 4.5.

Styret i NCC avd. Sogn og Fjordane har i sak 55/13 gjort følgjande vedtak: Styret ynskjer at NCC skal bruke denne logoen med bobil i «kaffifilter» og behalde namnet, Norsk Caravan Club.

**Vedtak:** Saka vert lagt fram for årsmøte til behandling

Original str på stolpe

### 7 B) NY ORGANISASJONSSTRUKTUR

Avdelingane har fått tilsendt gruppesvara frå ledarkonferansen som vart avvikla på Gardermoen i tida 26. og 27. oktober 2013. Avdelinga skal forsøke å prioritere dei forskjellige forslaga i den andre gruppeoppgåva slik at regionen så langt som mogleg kan komme med eintydig innstilling til Landsstyremøte og Landsmøte. Avdelingane kan sjølvsagt komme med eigne forslag til Landsmøtet, sjå vedtektene § 4.5.

Styret i NCC avd. Sogn og Fjordane har i sak 55/13 gjort følgjande vedtak:

Styret i NCC avd. Sogn og Fjordane ynskjer at det skal arbeidast for å ha:

Landsmøte anna kvart år, Arbeide med få men gode medlemstilbod (spissing)

NCC vert organisert som i dag med avdeling, region, Landsstyremøte, sentralstyremøte og Landsmøte.

**Vedtak:** Saka vert lagt fram for årsmøte til behandling

### 7 C) VAL PÅ LANDSMØTE 31. MAI 2014 (SAK 57/13)

Under denne saka melde Arvid Kjøsnes seg ugild og forlot møte mens nestleiar Leon Tonheim tok over som møteleiar.

Etter vedtektene til NCC paragraf 4.7.8 står følgjande på val på neste Landsmøte:

- President
- Visepresident
- Eit sentralstyremedlem
- Leder og to medlemmer til Vedtektskomiteen, med tre vararepresentantar
- Leder og to medlemmer til Valkomiteen, med tre vararepresentantar

Styret i NCC avd. Sogn og Fjordane har i sak 55/13 gjort følgjande vedtak: NCC avd. Sogn og Fjordane har følgjande forslag til kandidatar til dei ulike valbare posisjonar til Landsmøte 2014. Alle kandidatar er spurde og har takka ja til å være kandidatar til følgjande verv:

**PROTOKOLL 09.01.2014**

President: Arvid Kjøsnes
Visepresident: Arvid Kjøsnes
Sentralstyremedlem: Arvid Kjøsnes
Valkomité: Gjenvalg av Jørund Eidsaunet som leiar + medl.: Heidi Annie Vedal Sand, Vigdis Tønnessen
Vedtektskomité: Gjenvalg av Bjørn Terje Holen som leiar + medl.: Arvid Bårdslistuen, Bjørn Magne Ødegård

**Vedtak:** Saka vert lagt fram for årsmøte til behandling

**SAK 08/14 ÅRSMØTEPLANLEGGING**

Møteledar på årsmøte og ledar for årsmøtefesten må utpeikast. Arvid Kjøsnes lagar oversikt over dei som skal ha 10 års- og 25 års nåler og bestiller pokalar til fylkesmeisterskapet.

**Vedtak:** Truls Kleiven blir forespurt om å være leder for årsmøtefesten. Leder for årsmøte blir forespurt utfra påmelde til årsmøte.

**SAK 09/14 VALNEMND FOR 2014**

Etter Vedtektene § 9.2.6.8 skal Årsmøte blant anna velje valkomité og det er viktig at styret har klart namn på tre personar valkomiteen + 3 vara medlemmar. Leiar har spurt Ørjan Storesund om han kan sitje i valkomiteen og han har takka ja til det men vil ikkje vere leiar. Den enkelte styremedlem må ta kontakt med aktuelle kandidatar, slik at styret kan legge fram innstilling på valkomité for årsmøte.

Innstilling: Styret sitt forslag for årsmøte er: Jon Andor Ellingsund (leder), Marit Løvfald, Ørjan Storsund. Varamedlem taes som benkeforslag under årsmøte.

**Vedtak:** Saka vert lagt fram for årsmøte til behandling

**SAK 10/14 TERMINLISTE 2014**

| Dato | Aktivitet | Ansvarleg |
|---|---|---|
| 04.01.2014 | Utsending av miniKuletrykket | Redaktør av Kuletrykket |
| 09.01.2014 | Styremøte nr. 1 | Leiar/sekretær |
| 07.03.2014 | Opningshelg Caravan Vest AS | Styret i NCC avd. S & Fj. |
| 13.03.2014 | Styremøte nr. 2 | Leiar/sekretær |
| 23.03.2014 | Kuletrykket - Levert i Posten | Redaktør av Kuletrykket |
| 29.03.2014 | Landsstyremøte NCC, Gardermoen | Leon Tonheim |
| 08.04.2014 | Teknisk kontroll, Sandane kl. 17:00 | Leon Tonheim |
| 15.04.2014 | Teknisk kontroll, Førde Kl. 17:00 | Leon Tonheim |
| 29.04.2014 | Teknisk kontroll, Kaupanger Kl. 17:00 | Leon Tonheim |
| 24.04.2014 | Styremøte nr. 3 | Leiar/sekretær |
| 10.05.2014 | Medlemsmøte | Styret i NCC avd. S & Fj. |
| 23.05.2014 | Tilbod til NCC medl - fastliggarar | Leon Tonheim |
| 31.05.2014 | Landsmøte NCC, Gardermoen | Styret |

| | | |
|---|---|---|
| 06.06.2014 | Region 7 - treff Dalsøren camping, Luster | Styret i NCC avd. S & Fj. |
| 07.06.2014 | miniKuletrykket i Posten | Redaktør av Kuletrykket |
| 12.06.2014 | Styremøte nr. 4 | Leiar/sekretær |
| 16.08.2014 | Merkekjøring Sandane dagane Kl. 13:00 | Harald Solheim |
| 16.08.2014 | Fylkesmeisterskap Sandane dagane, etter merkekøyringa | Harald Solheim |
| Aug/Sept | Haust treff | Treffkomiteen |
| 18.09.2014 | Styremøte nr. 5 | Leiar/sekretær |
| 08.11.2014 | Årsmøte NCC Region 7 | Leon Tonheim |
| 15.11.2014 | Kuletrykket - Levert i Posten | Redaktør av Kuletrykket |
| 20.11.2014 | Styremøte nr. 6 | Leiar/sekretær |
| 03.01.2015 | miniKuletrykket i Posten | Redaktør av Kuletrykket |
| 07.02.2015 | Årsmøte NCC Avd. Sogn og Fjordane | Styret |

**Vedtak:** Terminliste for 2014 vert godkjend som arbeidsredskap for styret.

**SAK 11/14 HEIMESIDA VÅR**

Meir levande heimeside

**Vedtak:** Det oppfordres til å levere stoff til bruk på websiden.

**SAK 12/14 FLIP BOOK PÅ WEB**

Ron Sande skriv i eit notat at han kan tenke seg å få lagt ut ei utgåve av Kuletrykket på ein server (uten kostnad for avdelinga) for å sjå kva tilbakemelding ein får og kor mange som kan tenke seg å kun ta imot Kuletrykket via Web. Styret ynskjer meir informasjon og ynskjer at dette vert prøvd ut og at vi på neste styremøte kan dele erfaring i styret slik at vi kan ta eit strategisk val då. Pga teknisk løysing som blir brukt i dag er dette ikkje mulig på NCC sin server.

**Vedtak:** Kuletrykket legges ut på åpen nettside i PDF format samtidig som det blir levert i postkasse.

**SAK 59/13 ANNONSE I KULETRYKKET**

Styret handsama denne saka i sitt møte den 21. november 2013 og gjorde blant anna vedtak om at Ron Sande skulle kontakte Caravan Vest AS for avklaring i forhold til styret sitt vedtak. Det er inngått avtale med Caravan Vest AS om halv pris på annonse i 2014 og at det legges ut annonse på webforsiden (vist mulig).

**Vedtak:** Saka tatt til orientering

**SAK 13/14** **YMSE**

Det mangler to varamedlemer til styret. Disse taes eventuelt som benkeforslag under årsmøtet. Valkomiteen jobbar vidare med forslag på kandidatar fram til 22. januar 2014, jfr. NCC's handbok som seier at valkomiteen må være ferdig med sine forslag 14 dagar før årsmøte.

**Vedtak:** Dersom valkomiteen ikkje greier å finne kandidatar til desse postane, vert dei tatt som benkeforslag under årsmøte.

Møte er ferdig kl. 21:00

Styrets signaturer